



Høyanger kommune

Utviklingsavdeling

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO


OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10101970-40	
DATO 27 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Saksnr.	Dok-ID	Arkivkode	Sakshandsamar	Dato:
11/149	11/703	S04	SVF	26.01.2011

Tema grøne el.-sertifikat - høringsfråsegn frå Høyanger kommune

Vedlagt følger høringsfråsegn frå Høyanger kommune om grøne el.sertifikat, datert 10.01.2011, til olje- og energidepartementet som rette mottakar.

Med helsing


Rita T. Flaten
Pol.sekr.

Kopi til:
Småkraftforeninga Postboks 123 Lilleaker ~~0066~~ OSLO



Høyanger kommune

Utviklingsavdeling

Småkraftforeninga
Postboks 123 Lilleaker

0216 OSLO

Saksnr.	Dok-ID	Arkivkode	Sakshandsamar	Dato:
11/149	11/206	S04	SVF	10.01.2011

Tema grøne el.-sertifikat -Høyringsfråsegn frå Høyanger kommune.

Regjeringas varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og nødvendig. Etablering av ein felles norsk/svensk marknad for elsertifikat er nærmare realisering med framlegging av lovforslaget om dette.

Høyanger kommune har mange relativt store etablerte kraftverk, og det er bygd relativt få små/minikraftverk, medan det er ein del prosjekt på vent eller i oppstartfase. Uføreseielege rammevilkår er ein av grunnane til at potensielle utbyggjarar har sett fleire prosjekt på vent.

Mini- og småkraftverk utan magasin er prisgjeve naturlege svingningar i ver/klimate som vanskeleggjer vannhushaldning og langsiktig driftsplanlegging. Klimaprognosane for nær framtid varslar større nedbørsmengder i kystnære område på vestlandet, særleg i lågfjellet og på tidlegvinteren, men dei to siste vintrane har så langt vore tørre, slik at mange eksisterande kraftverk ikkje har kunna produsere- samtidig som etterspurnad og prisar er høge. Ordninga med grøne elsertifikat vil kunne stabilisere effektane av slike svingningar, og hjelpe anlegg med marginal økonomi over kneika.


Sjølv om vår kommune ikkje har mange prosjekt som vert råka av den føreslegne innstramminga i høve til tidlegare politiske lovnader om at kraftverk med installert effekt på meir enn 1MW, bygd i perioden 01.01.2004 – 07.09.2009 skulle med, meiner vi at alle kraftverk som er igangsett etter 01.01.2004 bør omfattast av ordninga. Alt anna vil svekke truverdet til politiske lovnader som beslutningsgrunnlag for investeringar i fornybar energiproduksjon.


Eit anna- og særskilt viktig moment er at nettkapasiteten i eksisterande nett i vårt område er tilnærma fullt utnytta, slik at kostnadene ved å etablere alternativ nettpåkopling fordyrar prosjekta- som allereie i utgangspunktet har marginal innteningsutsikt- på ein måte som gjer risikoen ved prosjekta for stor for potensielle investorar.

Postadr.:	Besøksadr.:	Telefon:	Bankgiro:	E post:
Postboks 159 6991 Høyanger	6993 Høyanger		3720 12 79764 Org.nr. 944439838	postmottak@hoyanger.kommune.no www.hoyanger.kommune.no

Det må utviklast ein modell for prising av elkraft/nettleige som ikkje veltar alle kostnader ved ordninga over på privathushalda. Effektar av verdiskapinga i småkraftutbygging på Vestlandet, bør kunne styrke busetnad og næringsutvikling her- slik at ein her ikkje sit att berre med ulempene.

Med helsing
Kjartan Lunde
Ordførar




Svein Arne Forfod
miljøvernleiar